

# Styremøte i SFSG på Skei hotell

**23.11. 2013**

Til stades:

Ragnhild Sæle  
Lars Nesse  
Rune Myklebust  
Lene Engvik Rasch  
Eva Høydal

## **42/13: Kva har styremedlemmane delteke på sidan sist**

Ragnhild Sæle: Representantskapsmøte i NSG 24. oktober, leiarsamling 25-27. oktober, møte i gjetarhundnemda 5. november, 2. oktober: Styremøte i Sogn og Fjordane Bondelag, og 9. oktober – møte «Sau i pluss».

Rune Myklebust: To møter i arbeidsgruppa på geit, i høve til geitedagane 2014.

Lars Nesse: Representantskapsmøte i NSG 24. oktober, leiarsamling 25-27. oktober, møte i avlsutvalet/ sauegruppa 21. november.

Lene Engvik Rasch: Leiarsamling 25-27. oktober.

## **43/13: Resultat/ balanse**

Me tek rekneskapet til vitande. På neste møte vil me invitere Mirjam Friberg til å gå gjennom rekneskapet før årsmeldinga.

## **44/13: Innspel til ny erstatningsordning for rovviltskade**

Me vil støtte innspelet frå NSG, med dette tillegget:

«Saknar eit punkt for erstatning av husdyrtap i områder som ikkje skal ha faste bestandar av rovdyr. Region 1 er prioritert beiteområde. Her er det ofte tap til jerv og kongeørn òg tilfeldig til ulv, gaupe og bjørn. Ved tap av husdyr til rovdyr ein ikkje skal ha faste bestandar av, må terskelen til uttak være låg. Ved sporobservasjon like før og under beitesesongen må det bli mogeleg å starte uttak som eit førebyggjande tiltak.»

#### **45/13: Årsmelding 2013 –fordeling av arbeidsoppgåver**

Me vil bruke det same oppsettet som i fjor.

Eva: Skaffe annonsørar.

Lars: Tek kontakt med dei som skal levere årsmeldingar til SFSG, informere om fristar. Tek og imot desse årsmeldingane.

Lene: Årsmelding frå styret, info om lokallagsleiarar og styremedlemmer.

Rune: Finne aktuelle statistikkar.

Ragnhild: Skriv «Leiar»/ opning av årsmeldinga.

Me vil bruke bilete frå samlingar etc. som har vore dette året. Det vil vere naturleg å ha med litt om Geitedagane 2014, sidan dei blir arrangert i fylket vårt.

#### **46/13: Tid og stad for årsmøtet**

Årsmøtet skal haldast helga 21.-22. februar, eller 28. feb.-1. mars. Lene tek kontakt med Gloppen-, Skei- og Sogndal hotell for prisoverslag. Som i fjor blir årsmøtet halde på fredag, og laurdag blir det andre tema. Me var inne på fleire tema, som me jobbar vidare med.

#### **47/13: Utgiftsgodtgjersle for medlemmane i gjetarhundnemda**

SFSG tek kostnadane for reisa til styremedlemmane i gjetarhundnemda, og møtegodtgjersle for leiaren i nemnda. SFSG tek og kostnadane for mat og leige av møterom. Gjetarhundlaga dekkjer møtegodtgjersle for styremedlemmane sine.

#### **48/13: Økonomisk stønad til Geit i vekst**

SFSG hadde budsjettert med kr 5000 til Geit i vekst i budsjettet for andre halvår 2013. Dette skal utbetalast. Lene sender svar.

#### **49/13: Oppsummering leiarsamling**

Me fekk gode tilbakemeldingar frå dei som møtte opp, men me skulle ha vore fleire. Interessant opplegg med Gjensidige, men blei berre ein dag. Sjå referatet på heimesida til SFSG for meir info.

#### **50/13: Tap av sau og lam i Fjærland/ Leikanger. Kva kan og bør SFSG gjere?**

Styret har vore i kontakt med ein av bøndene som opplevde eit stort tap i haust. Me vil jobbe vidare for at det skal bli mogleg å ta ut rovdyr på sporsnø. Lars tek dette med seg i kontaktutvalet for rovvilt.

### **51/13: Manglende tilbakemelding på brev m.m, sendt til NSG**

Me har i fleire høve opplevd at me ikkje har fått tilbakemelding på brev som er sendt inn til NSG sentralt. Ragnhild tek dette opp med Sigurd Vikesland i representantskapet, så han kan føre saka vidare.

#### **Ymse:**

- Ragnhild byrjar på ein ny medlemsinfo.
- Lene skal sjekke opp i sentralavtale i NSG vedr. ullinnsamling.
- Lene skal halde fram å sjekke medlemslistene i verringane opp i mot medlemslistene i NSG.
- Småfesamlinga: denne blir på Sunnfjord hotell andre helga i februar. Me vil bidra med regisrering.
- Svar til Olden Sau og Geit i høve til fagdagen dei hadde: Lene sjekker opp i det.
- Neste styremøte blir torsdag 16 januar.

Ref. Lene Engvik Rasch

-sign-

